

Fredag ettermiddag reiste dei 22 musikantane i skulemusikken på tur til Voss. Der skal dei delta i den populære Vossafestivalen. Den vert i år arrangert for niande gang, og Uskedalen har delteke ein gang tidlegare. Då var dei svært fornøgd med opphaldet på Voss.



Skulemusikken klar for Vossatur

På festivalen skal korpset sjølvstøtt delta både i oppmarsjar og konsertar. I tillegg er det lagt stor vekt på sosiale tiltak og programpostar. Det vert lagt opp til både grillfest, labbadans, korpskonert med vokalistar. Dessutan vert det tid til aktivitetar som ikkje er programfesta. Det kan vera tur på Vangen, bading eller bowling for å nemna noko. Det flotte veret skulle innby til det meste. Derfor er det lett å skjønna at det var ein forventningsfull gjeng som reiste av garde til i innleigd buss. Det vart sagt at dei "gledde seg sjukt" til turen.

Saman med korpset reiste 5 leiarar, og i Alfred Eidsvik hadde dei ein rutinert korpstursjåfør.

Tekst og foto: Thor Inge Døssland